



Blåkkokka barnehage
Melandsvegen 38
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1822 - 16/22635

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

28.11.2016

Notat frå møte 17.11.2106.

- **Notat fra møte med private barnehager og kommunen.**

Disse barnehagane møtte: Læringsverkstedet Maurtua, Blåkkokka barnehage, Espira Martha haugen barnehage, Leirdalen barnehage, Drømmehagen barnehage (2), Leiketun barnehage (2)

Frå administrasjonen møtte: Ordføraren, Økonomisjef, Rådmann, Barnehagefagleg rådgjevar.

Torsdag 17.11.2016.

- **Sak 1. Vel møtt.**

Ordfører ønska velkommen til møtet.

Dei private barnehagane gjer ein viktig jobb for kommunen. Sektoren er stor og mangfaldig. Det er positivt med desse faste samarbeidsmøtane.

- **Sak 2. Økonomi.**

Økonomisjefen orienterte om tilskot for 2017, sak i kommunestyret i november. Sak vart delt ut i møtet.

Meland kommune har lavest vekst av alle kommunane i Hordaland.

Alle avdelingane i kommunen har kutt i sine rammer. Dette er et viktig bakgrunnsteppe å ha med seg i høve til å kunne forstå den økonomiske stoda.

Det vart stilt spørsmål frå barnehagane om den nye ordninga for redusert foreldrebetaling. Det er ynskje om fortgang i sakbehandlinga slik at det ikkje vert etterslep for barnehagane på fakturaer. Kommunen har freista å få til meir effektiv saksbehandling ved å ha en regel om at for søknadar som kjem inn etter 1 september gjelder vedtaket første heile månaden etter at søknaden kom inn, og vedtaket er skrevet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

For å få til ein effektiv refusjonsutbetaling for utbetaling av refusjonar til barnehagane vil kommunen lage rekneark og sende til barnehagane.

Barnehagane kan sjølv fylle inn opplysningar og det samla refusjonsbeløpet dei har rett på.

Søskjenmoderasjonen er det laga eit eige exellark for.

Sak 3. Informasjon frå barnehagefagleg rådgjevar.

- Basilrapportering pr.15.12 på UDIR og / Visma barnehageprogram.

Det er naudsynt at barnehagane kontrollerer at barnetal og opphald er like på begge programma.

Kommunen nyttar opplysningane samla som kontroll i høve godkjenning, tilskotsberekning og godkjenning av årsmeldinga til UDIR.

Det er og viktig at barnehagane kontrollerer barnetall mot godkjent areal. Dersom barnehagar har fleira barn enn godkjenninga seier, vil dei ikkje få tilskot for dei.

- Høyring i høve Rammeplanen.

Politisk sak er meldt opp til møte Utval for levekår 6. desember. Frist for høyringa er 20. januar 2017.

- **Sak 4. Eventuelt.**

Det vart orientert og drøfta om ulike reguleringsplaner og utbyggingsplaner.

Opptaket til våren/ barnetall økonomiplanen- viser forventa folketalsvekst.

Her ligg det inne ei prognose på Ca 2-3% vekst på dei yngste årstalla. Tilflyttinga har vore redusert det siste året.

- Det vart gjeve positiv tilbakemelding i høve det faglege innhaldet på Realfagskonferansen. Samarbeidet barnehage – skule er ei raud tråd gjennom dette arbeidet.

Barnehagane kunne tenke seg ein betre samarbeidsplan skule/ barnehage. Den gjeldande planen «frå eldst til yngst» treng rullering/ omarbeiding. Det vil verte arbeidd med dette gjennom realfagsprosjektet og gjennom «Kvalitetsplanen for barnehage» som har dette tema som eit satsingsområde.

Barnehagefagleg rådgjevar sender ut den gjeldande samarbeidsplanen «frå eldst til yngst» til barnehagane.

Med helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Blåklokka barnehage	Melandsvegen 38	5918	FREKHAUG
Drømmehagen barnehage	Floghaugane 61	5918	FREKHAUG
Espira Marthahaugen barnehage HH@laringsverkstedet.no	Ådlandsvegen 32	5918	FREKHAUG
Leiketun barnehage	Holtermannsvegen 2	5918	FREKHAUG
Leirdalen barnehage	levegen 2	5917	ROSSLAND
Litagod familiebarnehage	Hoplandsvegen 141	5918	FREKHAUG
Læringsverkstedet Flatøy barnehage	Flatøyvegen 72	5918	FREKHAUG
Læringsverkstedet Maurtua AS Magnar Hellen	Juviknipa 1	5918	FREKHAUG